

## Brennevinsankeret på «Restauration»

Når kvekarar og haugianarar tok med seg eit anker brennevin på båten, er det ikkje så merkeleg som det kanskje kan synast. I 1825 hadde ikkje fråhaldsrørsla ennå vekt opp Norge frå eit betydeleg alkoholproblem. Kvekarar har aldri hatt noke totalforbod mot alkohol. I «Råd og spørsmål», som sia 1652 har vore kvekarane si moralske rettesnor, står det berre at ein bør tenkja over om ein skal avgrensa bruken av alt som ein kan verta avhengig av – eller slutta heilt med det.

Frå 1816 var det lov å brenna heime i Norge. Det førte etter kvart til at alkoholen vart eit aukande samfunnsproblem, og styremaktene prøvde fleire gonger å avgrensa dette med – ironisk nok – å fastsetja ein minste storleik på kjelen. Slik ville ein luka ut alle dei små som brende dårleg heimebrent på små kjelar. Men ikkje før i 1842 vart det sett ein stopp for privat brennevinsbrenning.

Sterk drikke var vanleg i Norge frå gammalt av, serleg til fest. Det var god skikk å bryggja øl til jul og til gjestebod, brudlaup og liknande. Og brennevin vart rekna som medisin og styrkedrikk. Det som vart reagert på, var misbruk og fyller. Impulsar til å organisera seg kom gjerne frå England, og i 1830-åra dukka det opp «måtehaldsforeiningar» etter mønster av den engelske «temperance movement». Folk lova å ikkje ta meir enn eitt glas sterk drikke kvar dag.

Men dette fekk mest tilslutning i velstående krinsar. Problemet med fyller og avhengigheit voks så kraftig at dei som undersøkte saka – blant anna Norges første sosiolog, Eilert Sundt – rapporterte om svært alvorlege tilstandar blant vanlege folk. Etter kvart kom neste impuls frå England – totalfråhaldsrørsla (the teetotallers), og i 1859 stifta kvekeren Asbjørn Kloster den første totalfråhaldsforeininga i Stavanger. Det Norske Totalavholdsselskap vart skipa i 1875.

Fråhaldsrørsla hadde topptida si like før 1. verdskrigen, då medlemstalet var oppe i 139 000, og frå 1914 til 1927 hadde me eit totalforbod mot sal og servering av brennevin. Men hundre år før fanst det ikkje «totalistar», slik som nok mange både kvekarar og haugianar vart utover 1800-talet. Og dei tok ikkje med seg ankeret for å drikka det sjøl. Det skulle seljast for å få inntekter til proviantering.

Eldre kvekarar og bedehusfolk er nok vaksne opp med totalfråhald, dei fleste av dei. Men i dag vil ein finna ganske mange måtehaldsfolk blant dei. På ein måte er sirkelen slutta, tilbake til «temperance» for 200 år sia. Sjølsagt er alle møte og samkomer i kvekersamfunnet alkoholfrie, sjøl i Europa der øl og vin i større mon er daglegvarer enn her i landet. Totalavholdsselskapet har skifta namn til DNT Edru Livsstil og har omlag 1900 medlemer. Og ingen protesterer mot at «Restauration» anno 2025 har med seg eit anker med brennevin – endåtil akevitt laga på Jæren.

Det skulle teke seg ut, for hundre år sia...

Tekst av:

Dag H. Sture

Kverker i Stavanger Månedsmøte

(det samme som flere av dem om bord i Restauration i 1825 var med i)